



# Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Kåre Træen  
Telefon: 57643004  
E-post: [fmsfktr@fylkesmannen.no](mailto:fmsfktr@fylkesmannen.no)

Vår dato  
03.04.2018  
Dykkar dato  
20.12.2017

Vår referanse  
2017/4367- 331.1  
Dykkar referanse

Bremanger kommune  
Postboks 104  
6721 Svelgen

## Bremanger kommune – kontroll av budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021

Bremanger kommunestyre har i møte 14.12.2016, sak 79/17, handsama og vedteke budsjett 2018 og økonomiplan 2018 – 2021.

Kommunen er innmeldt i Robek (register for kommunar som er underlagt statleg betinga kontroll og godkjenning). Fylkesmannen skal derfor føre kontroll og godkjenne budsjett og låneopptak.

- **Budsjett- og økonomiplan 2018 – 2021 er ikkje godkjent.**
- **Godkjenning av låneopptak blir handsama når budsjett og økonomiplan er godkjende.**

### Sakshandsaming

Fylkesmannen har ikkje merknader til kommunen si sakshandsaming. Vi legg til grunn at formannskapet si innstilling for budsjett og økonomiplan, med alle framlegg til vedtak, har lege ute til offentleg gjennomsyn i minimum 14 dagar, jf. kommunelova § 44 nr. 7 og § 45 nr. 3.

### Skatteinntekter og rammetilskot

Kommunen har i budsjettering av inntekt på skatt og formue og rammetilskot lagt til grunn prognosar etter statsbudsjettet for 2018, med folketal pr. 01.07.2017 for rammetilskot og 01.01.2017 for skatt og inntektsutjamninga. Sum skatt og ramme er budsjettert med 260 mill. kroner.

Folketalsutviklinga i kommunen samanlikna med gjennomsnittleg vekst for landet, har ein klar samanheng med utviklinga av kommunens frie inntekter. Etter folketal per 01.01.2018, fekk kommunen i 2017 ein reduksjon på 80 personar. I prosent utgjorde reduksjonen – 2,1 %, medan gjennomsnittleg vekst for landet var 0,7 %. Siste prognosemodell til KS tek utgangspunkt i vedteke statsbudsjett for 2018 og folketal per 01.01.2018 for skatt og inntektsutjamninga. Ut i frå dette er prognosen at Bremanger kommune i 2018 får 257 mill. kroner i skatt og rammetilskot.

### ***Fylkesmannen sin kommentar***

*Skatteinntekter og rammetilskot er budsjettert i samsvar med statsbudsjettet for 2018. Siste prognosen til KS er oppdatert etter vedteke statsbudsjett og folketal per 01.01.2018. Med ein reduksjon i folketallet for kommunen og vekst for landet, vil det bety ein netto reduksjon i prognose for skatteinntekter og inntektsutjamning i 2018 på 3 mill. kroner. Etter at revidert nasjonalbudsjett for 2018 er framlagt, må kommunen revidere inntektene for rammetilskot og skatteinntekter.*

**Tidlegare års meirforbruk**

Etter store tap i Terra-saka (2007 og 2008) og seinare tap knytt til derivatavtalar hadde kommunen pr. 31.12.2016 eit akkumulert underskot på 77,5 mill. kroner. Av dette er eit underskot frå 2014 på 25 mill. kroner.

Etter førebels rekneskap for 2017 er underskotet redusert til 54 mill. kroner. Dette er etter at kommunen m.a. inntektsførte 23 mill. kroner etter oppgjør av buet i Terra Securities. Opphavleg hadde kommunen budsjettetert med ei inndekning på 25,8 mill. kroner i 2018. Kommunestyret auka inndekninga til 39,5 mill. kroner i revidert budsjett per oktober 2017. Ut frå dette har kommunestyret teke utgangspunkt i eit akkumulert underskot på 38 mill. kroner per 31.12.2017, og vedteke følgjande plan i mill. kroner:

2018	2019	2020	2021	sum 18-21
14	10	8	6	38

Men ettersom kommunen etter førebels rekneskap har eit større meirforbruk i 2017, manglar planen inndekning for 16 mill. kroner.

**Fylkesmannen sin kommentar**

*Kommunen skal dekkje inn underskota frå 2007 og 2008 innan 10 år, og underskotet på 25 mill. kroner frå 2014 innan 2021. Det betyr at eit samla underskot ved utgangen av 2008 på 230,4 mill. kroner skal vere dekt innan 2018. Kommunestyret må i ny handsaming av budsjett- og økonomiplan for 2018 – 2021 vedta ein plan der minimum underskota frå 2007 og 2008 vert dekte innan 2018 og underskotet frå 2014 vert dekt innan 2021.*

**Driftsbudsjettet 2018**

Vi vil kommentere nærmare driftsbudsjettet etter at kommunen har gjort ny handsaming og vedtak for budsjett- og økonomiplan 2018 –2021.

**Investeringar 2018**

Kommunen legg opp til eit investeringsbudsjett (anleggsmidlar) i 2018 på 50 mill. kroner. Investeringane er planlagt finansierte med låneopptak 22 mill., kompensasjon for meirverdiavgift 9,3 mill. og bruk av kapitalfond 18,8 mill. kroner. Av låneopptak utgjer lån til VA-anlegg 2 mill. kroner.

Som Robek-kommune er det etter kommunelova § 50 nr. 9 krav om at kommunale låneopptak skal godkjennast av departementet i dei høve som gjeld § 60 i kommunelova. Departementet har delegert dette myndet til Fylkesmannen.

Fylkesmannen sitt generelle syn på lånegodkjenning til Robek-kommunar er:

- Budsjett og økonomiplan må vere i balanse og nye lån må vere innarbeidd i budsjett og økonomiplan
- Å berre ta opp lån som er sjølvfinansierende
- Å rå frå opptak av lån som aukar driftsutgiftene

**Fylkesmannen sin kommentar**

*Ettersom budsjett 2018 og økonomiplan 2018 – 2021 ikkje er godkjende, blir godkjenning av låneopptak først handsama når kommunen har gjort nye vedtak for budsjett og økonomiplan.*

**Økonomiplanen**

Vi vil kommentere nærmare økonomiplanen når kommunen har gjort ny handsaming og vedtak for budsjett- og økonomiplan 2018 –2021.

**Vedtak:**

*Fylkesmannen skal føre lovlegkontroll av budsjettvedtaket til Bremanger kommune, jf. kommunelova § 60 nr. 2. Vi har føreteke kontrollen, men budsjett 2018 og økonomiplan 2018 – 2021 er ikkje godkjende som følgje av at akkumulert underskot per 31.12.2017 ikkje er dekt i samsvar med kommunelova. Kommunen må derfor innan 01.06.2018 handsame og vedta budsjett 2018 og økonomiplan 2018 – 2021 på nytt, der minimum underskota frå 2007 og 2008 vert dekte innan 2018 og underskotet frå 2014 vert dekt innan 2021.*

*Godkjenning av låneopptak for 2018 blir handsama når budsjett og økonomiplan er godkjent.*

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
ass. fylkesmann

Kåre Træen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi pr. e-post: Kryss revisjon – [kryss@forde.kommune.no](mailto:kryss@forde.kommune.no)